


NORDISKE STUDIER I LEKSIKOGRAFI

Titel:	Utfordringar med to norske målformer i ISLEX
Forfatter:	Margunn Rauset
Kilde:	Nordiska Studier i Lexikografi 10, 2010, s. 446-454 Rapport från Konferens om lexikografi i Norden, Tammerfors 3.-5. juni 2009
URL:	http://ojs.statsbiblioteket.dk/index.php/nsil/issue/archive



© Nordisk forening for leksikografi

Betingelser for brug af denne artikel

Denne artikel er omfattet af ophavsrettsloven, og der må citeres fra den. Følgende betingelser skal dog være opfyldt:

- Citatet skal være i overensstemmelse med „god skik“
- Der må kun citeres „i det omfang, som betinges af formålet“
- Ophavsmanden til teksten skal krediteres, og kilden skal angives, jf. ovenstående bibliografiske oplysninger.

Søgbarhed

Artiklerne i de ældre Nordiske studier i leksikografi (1-5) er skannet og OCR-behandlet. OCR står for ’optical character recognition’ og kan ved tegngenkendelse konvertere et billede til tekst. Dermed kan man søge i teksten. Imidlertid kan der opstå fejl i tegngenkendelsen, og når man søger på fx navne, skal man være forberedt på at søgningen ikke er 100 % pålidelig.

MARGUNN RAUSET

Utfordringar med to norske målformer i ISLEX

This article takes ISLEX as its starting point. ISLEX is an online dictionary of 50,000 Icelandic words translated into Swedish, Norwegian and Danish. The dictionary is a joint project of four academic institutes in the Nordic countries: The Árni Magnússon Institute for Icelandic Studies in Reykjavík, The Society for Danish Language and Literature in Copenhagen, the Department of Linguistic, Literary and Aesthetic Studies at the University of Bergen and the Department of Swedish at the University of Gothenburg. I will focus on the challenges we face making an Icelandic-Norwegian dictionary that contains both language forms of Norwegian, Bokmål and Nynorsk. This means that we do not only have to consider equivalence between the source language and the target language, but also internally between the two Norwegian language forms. In most cases they are quite similar, but when it comes to phraseology it is our experience that they differ the most. Often it is harder to find equivalents to fixed expressions in Nynorsk than Bokmål. I will look at some examples which illustrate this and suggest some historical reasons why this is so.

Nøkkelord: ordsamband, ekvivalens, norske målformer, islandsk

ISLEX-prosjektet

ISLEX er eit nordisk samarbeidsprosjekt om å lage ei digital islandsk-skandinavisk ordbok. Når ho er ferdig i 2011, skal ho innehalde om lag 50 000 oppslagsord og vere gratis tilgjengeleg på nettet. Prosjektet har base i Reykjavík der kjelde-språksredaksjonen held til ved Árni Magnússon-instituttet for islandske studiar, medan omsetjingsarbeidet vert utført ved Institutionen för svenska språket ved Göteborgs universitet, Det Danske Sprog- og Litteraturselskab i København og Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium i Bergen. I Noreg omset vi ordboksartiklane til både bokmål og nynorsk, og den primære brukargruppa vår er nordmenn.

Som brukar kan du velje om du vil få omsetjingane på eitt eller fleire av målspråka, og du kan velje kva for eit språk, eller kva for ei målform for norsk sin del, du vil ha som metaspråk i ordboka. I artikkelen under har eg valt å ta med alle dei skandinaviske omsetjingane og bruke norsk som metaspråk.

**blöðruselur** subst m

blöðru-selur

1

www.fauna.is

- blæresæl, klapmyds
- klappmyss
- klappmyss
- blåssäl

2

- blærerøv
- oppblåst blære (skjellsord)
- oppblåst blære (skjellsord)
- strunpratare

Ordboka utnyttar det digitale mediet, og mange av artiklane er illustrerte av bilde, animasjonar og lyddøme. I tillegg kan ein få grammatiske opplysingar både om oppslagsorda og dei skandinaviske ekvivalentane. Prosjektet har definert ISLEX som ei samtidsordbok, det vil seie at dei islandske oppslagsorda i hovudsak er henta frå kjelder frå dei seinaste 50 åra, og for vår del at vi omset til eit moderne bokmål og eit moderne nynorsk a-mål. Målsetjinga er at brukarar av begge målformer i størst mogeleg grad skal oppleve språket både som funksjonelt og korrekt.

I ISLEX vert det lagt stor vekt på brukseksempel, kollokasjonar og ordsamband, og alle slike vert omsette. I arbeidet med desse ser vi at ei god løysing på den eine målforma ikkje alltid kan overførast til den andre, for sjølv om vi har ein felles kultur i Noreg, er det ikkje einstydande med at alle faste uttrykk har festa seg parallelt i begge målformene. Erfaringa vår er at det ofte er enklare å finne gode ordsambandsekvivalentar på bokmål enn nynorsk, og det er dette eg vil fokusere på i denne artikkelen.

Særlege utfordringar på norsk

Noreg har to offisielle målformer, og det er sjølv sagt for oss at vi omset til begge. Ordbokstradisjonen har også vore at ein i ordbøker mellom norsk og islandsk har med begge målformene; frå islandsk til norsk gjeld dette ordboka til Ivar Orgland og Fredrik Raastad frå 1985 og frå norsk til islandsk ordbøkene til Hróbjartur Einarsson frå 1987 og Orgland og Raastad frå 1993. I ei islandsk-skandinavisk ordbok er det svært interessant å kunne studere likskapar og ulik-skapar mellom dei fire språka (inkludert to målformer), og eg vil tru at det at vi også omset til nynorsk, vil gjere ISLEX ekstra interessant i forskingsamanheng og som pedagogisk hjelpe middel i alle dei landa som er involverte i prosjektet.

Eit døme frå oljeterminologien kan illustrere noko av det som gjer det vanskeleg å finne ekvivalentar på to målformer. Adjektivet *vinnanlegur* er på bokmål omsett til 'utvinnbar' (med brukseksempelet "man vet ikke om oljen finnes i utvinnbare mengder") og 'utnyttbar', men på nynorsk må vi skrive om med frasar som 'som kan vinnast ut' ("ein veit ikkje om olja er av ei slik mengd at ho kan utvinnast") og 'som kan utnyttast'. Ofte kan ein på nynorsk nytte suffikset *-leg* der det heiter *-bar* på bokmål, men formene *utvinneleg* eller *utnytteleg* har ikkje festa seg på nynorsk, og difor må vi skrive om. Rett nok er suffikset *-bar* eit lemma i *Nynorskordboka*, det kan altså i prinsippet brukast fritt, men står markert med "lite brukt". Mange brukarar ville nok reagert om vi hadde gjeve opp *utvinnbar* og *utnyttbar* som nynorske ekvivalentar, dei er neppe fullt ut pragmatisk akseptable. På same måte som desse omgrepa er i gråsona med tanke på kva som vert rekna som akseptabel nynorsk, vil det vere ulike oppfatningar av kva ein kan bruke av bokmålsnære ord og vendingar i ordsamband på nynorsk.

Svensén om ordsamband

Termen ordsamband er ikkje eintydig på norsk. Eg held meg til måten han vert brukt på i Bo Svensén si *Handbok i lexicografi*. Der står det at omgrepet rommar idiom (*slå ut barnet med badevatnet*), rutineformular (*vent litt!*), samanlikningar (*vere som hund og katt*) og ordspråk (*morgonstund har gull i munn*) (Svensén 2004: 243–244). Dette stemmer også godt overeins med termane i ISLEX, bortsett frå at vi der vil plassere rutineformlane i kategorien *kollokasjonar*, som vi har definert som ord som ofte opptrer saman, men som har konkret tyding. Med ordsamband meiner eg vidare idiom, samanlikningar og ordspråk, alle uttrykk som kan brukast i overført tyding.

Ordsamband med bibelsk opphav

At vi har erfart at det er vanskelegare å finne ordsambandekvivalentar på bokmål enn nynorsk, kan ha samanheng med at dei ulike typane ordsamband i stor grad er knytt til skrift, og at det i Noreg er bokmål som har hatt den sterkaste skriftspråklege posisjonen. Ser ein til dømes på uttrykk med opphav i Bibelen, er det ofte at uttrykk frå bokmålsutgåvene har lausrive seg frå konteksten og fungerer som eit sjølvstendig element i daglegtale, mens ein ikkje kan seie det same om nynorskvarianten.

I dømet *<yrkja jörðina> i sveita síns andlitis* har vi sett opp den gamle bokmålsomsetjinga *<dyrke jorden> i sitt ansikts sved* som bokmålskvivalent. I Guttu si *Norsk ordbok* på www.ordnett.no vert ordet *sved* forklart slik: ”*en*; dansk, parallelform til svette, (i forb.) arbeide i sitt ansikts sved ɔ:hardt, med anstrengelse (jf. 1. Mos. 3.19)”. På nynorsk heiter det både i gamle og nyare bibelutgåver *<dyrka jorda> med sveitte i andletet*.

Dette er interessant på mange måtar. For det fyrste viser det problemet med uttrykk som inneheld s-gentiv. Dette kjem eg nærmare inn på seinare. For det andre er det eit godt døme på lånord frå dansk (*sved*) som aldri har festa seg på nynorsk. Difor får bokmålsidiomet *i sitt ansikts sved* eit arkaisk preg samanlikna med det nynorske *med sveitten i ansiktet*. Nynorskuttrykket er konkret og svært kvardagsleg, medan bokmålsuttrykket har etablert seg som idiom. Då er vi inne på eit tredje interessant punkt. Det norske bibelselskap har i dei seinare åra lagt stor vekt på at omsetjingane skal vere forståelege for moderne menneske, samstundes som dei skal formidle Bibelen sin grunntekst så nær som mogeleg. Ein må tilbake til omsetjinga frå 1930 for å finne forma *ansikts sved* på bokmål. Både i utgåvene frå 1978/1985 og 2005 står det: ”Med svette i ansiktet skal du ete ditt brød”, altså ei formulering som er svært nær den nynorske formuleringa. Det er interessant at idiomet *i sitt ansikt sved* som vert brukt relativt hyppig på bokmål i dag, ikkje har vore brukt i den opphavlege konteksten på så mange år. Det seier ein god del om idiom sin natur som fikserte einingar. Det er heller ikkje tvil om at det er denne gamle omsetjinga som skal stå som idiomatisk omsetjing av det islandske uttrykket. I korpus ser vi at det vert brukt både i kristeleg kjelder, av politikarar frå norsk høgre- og venstreside og i mange andre samanhengar.

Samstundes må vi berre innrømme at nynorskomsetjinga vår ikkje er ekvivalent på alle nivå. Det tydelege bibelske preget på ordsambandet gjer det likevel vanskeleg å velje ei løysing som til dømes *<dyrka jorda> med stor møde*, som ser vekk frå det bibelske opphavet. Ein kan seie at vi her prioriterer den semantiske ekvivalensen og etymologi høgare enn den pragmatiske og stilistiske ekvivalensen, for å bruke omgrep frå Ken Farø (2004: 92).

Ei forklaring på at bibelsitat frå bokmålsutgåvene har innteke ein meir sjølvstendig idiomatisk posisjon i forhold til nynorskomsetjingane, kan vere at Bibelen vart gjeven ut tidlegare på bokmål enn nynorsk. Går ein lenger tilbake i tid, var den fyrste Bibelen på morsmålet i Danmark-Noreg danske Kristian 3s Bibel, også kalla Reformasjonsbibelen frå 1550, noko norsk skriftspråk eksisterte ikkje på denne tida. Det er også viktig å ha i mente at Allmugeskulen vart innført i Noreg i 1739, og der var kristendom og lesing dei einaste obligatoriske faga. Den danske bibelen som der vart flittig lesen, må difor ha hatt ei svært stor påverknadskraft på norsk språkbruk gjennom hundreår.

I 1854 ga Bibelskapet ut den fyrste heile norskproduserte Bibelen, og sjølv om ein framleis ikkje kunne snakke om noko eige norsk skriftspråk på denne tida, hadde den nokre former som bygde på norsk talemål. Denne var ikkje omsett frå grunnspråka, men frå ei dansk utgåve, noko som sjølvsagt også påverka den språklege drakta. I perioden 1889–1904 vart GT og NT omsett frå hebraisk til riksmål og landsmål. I 1904 var riksmålsutgåva komplett. Den fyrste heile bibelomsetjinga på nynorsk kom ikkje før i 1921, given ut av Studentmållaget. Så det kan ha spela ei viss rolle at Bibelen samla sett kom noko tidlegare på bokmål enn nynorsk, men det viktigaste for den språkleg påverknaden har vore hundreåra der vi las boka på dansk. Det er difor ikkje rart at mange idiom framleis lever i ei stivna, arkaisk form, sjølv om bibelomsetjingane i dag har ei meir tilgjengeleg form for ein moderne leser.

Ordsamband med utanlandsk opphav

Ordsambandet i artikkelen *hryggbrot* er eit eksempel på eit problem knytt til uttrykk vi har fått frå andre språk, i dette tilfellet tysk. I ISLEX ser vi nokre gonger at slike berre har festa seg på bokmål, medan vi dessverre får stilistisk nullekvivalens på nynorsk. Ordet *hryggbrot* er oppført med to tydingar. Den fyrste tydinga er konkret, den andre overført med forklaringa ”það þegar bónorði er hafnað” ’det at eit frieri vert avslått’. Bruken av den overførte tydinga vert vist i eksempelet *hann bað stúlkunnar en fékk hryggbrot*. Dette er omsett med ’han fridde til jenta, men fikk kurven’ på bokmål.

Kjell Ivar Vannebo skriv i *Katta i sekken* (2006) om uttrykket *gi en kurven*: ’gi en avslag på frieri’; ’gi en et avslag’. Tilsvarande har vi også uttrykket få kurven som sjølvsagt tyder å få avslag på frieri. Han har med eit døme: ”Kvinnene [...] kan like gjerne si ja til en fyr i det ene øyeblikket, for så å gi ham kurven i det neste”. (<http://www.non-ice.com/horoskop/>)

Vidare opplyser Vannebo at uttrykket på tysk heiter *einen Korb geben/bekommen*, og skriv seg opphavleg frå riddartida då riddardøtrene let dei hemmelege elskarane sine heise opp i ei korg. Likte dei ikkje friarane, kunne dei sende dei ned igjen og eventuelt også la korga verte hengande når ho berre var halvvegs nede. Gjekk korga sund, vart det tolka som eit varsel om at han ikkje skulle ha jenta. Jenta kunne også løyse botnen dersom ho ikkje ville ha han. Friarane fall då gjennom og fekk ei brå og smertefull avslutning på frieriet sitt.

Forklaringa til Vannebo viser at vi har ein bokmålsekquivalent til det islandiske ordet som fungerer godt både stilistisk og ikonografisk. Spørsmålet er kva ein gjer når *han fekk korga* ikkje er noko fast formell eining på nynorsk. Sjølv om ein har ein dekkjande ekvivalent på den eine målforma, tyder ikkje det at ein har ein parallel på den andre. ”Han fridde til jenta, men fekk nei” er unekteleg det ein seier på nynorsk, men ikonografisk ekvivalerer formuleringa slett ikkje. Grunnen til at vi likevel har valt å bruke dette, er at *han fekk nei* og *han fekk hryggbrot* er semantisk likeverdige, i tillegg inneheld bokmålsuttrykket ei så markert bokmålsform av substantivet (”korgen”) at det ikkje fungerer som lån på nynorsk. Vi kan heller ikkje seie *han fekk korga*, for det er rett og slett ikkje etablert som nynorskuttrykk. Islandsk og bokmål har en biletbruk som nynorsk manglar, og som vi ikkje kan opprette.

Ordsamband med s-genitiv og låneord

På nynorsk nyttar ein s-genitiv berre om eigedomsforhold, som i *Pers hotell* eller *Aasens ordbok*, i samansetningar (*årstid*, *regjeringskifte*) og for å lage beskrivande adjektiv, særleg i nemningar for tid og mål (*ein dags arbeid*, *i mils omkrins*). Det vil seie at mange ordsamband må skrivast om, eitt av dei er *svarti sauðurinn <í fjölskyldunni>*:

vera svarti sauðurinn <í fjölskyldunni>

- være <familiens> sorte får
- vera det svarte fåret <i familien> ('får' er her eit lån frå bokmål, dyret heiter 'sau' på nynorsk)

Det vi gjer her, er å skrive om s-genitiven i bokmålsuttrykket til eit preposisjonsuttrykk på nynorsk; ’familiens’ vert til ’i familien’ og vert flytta lenger bak i setninga. Dette er heilt uproblematisk. Det er verre at ordsambandet på bokmål også inneheld eit dansk låneord, ’får’. I *Norsk ordbok* på Ordnett står dette: ”får” -et, – (litt., bib., kulinarisk) sau: *familiens sorte får* den i familien som bringer skam over den”.

Får er ikkje oppslagsord i *Nynorskordboka*. Løysinga vert å bruke eit lån frå bokmål, men opplyse brukaren om at dette er avgrensa til akkurat dette idiomet. Ein kunne valt løysinga Magne Rommetveit (1993: 268) skisserer i *Med andre ord*, omskrivingar: ”problembarnet (brysamungen, bytingen, rakkarungen, rampungen, røvarungen, utskotet, ugagnskråka, ukjura, utskotet, [stundom:] hakkekyllingen, hoggestabben, syndebukken) i familien”, men vi har valt å låne fordi låneuttrykket også er fast for nynorskbrukarar, sjølv om det ikkje formelt sett er korrekt.

úlfur subst m

úlfur

1



→ www.fauna.is

- ulv
- ulv

úlfur í sauðargæru

- ulv i fårekłær
- ulv i saueham

Ordsambandet *vera úlfur í sauðargæru* viser to ting. For det første understrekar det poenget med at ein brukar forma ’får’ i fleire (samansette) ord på bokmål enn nynorsk. Andre eksempel på dette er fårehund versus sauehund (under *fjárhundur* og *smalahundur*) og fårete versus fjllete (under *sauðarlegur* og *sauðslegur*). For det andre er det eit eksempel på alle tilhøva der det er uproblematisk å finne parallelle ekvivalentar på bokmål og nynorsk, sjølv om dei har litt ulik form.

Under oppslaget 'hiti' finn vi eit anna døme på problematikk knytt til genitiv, men her har vi valt ei anna løysing:

<missa stjórn á skapi sínu> í hita leiksins

- <miste selvbeherskelsen> i kampens hete
- <mista sjølvkontrollen> i bruduljene

I staden for å prøve å skrive om genitivsuttrykket, har vi funne eit anna omgrep som også har ein viss hete i seg, og som også kan gje assosiasjonar til kamp.

Konklusjon

Vi har sett at ulikskapane mellom bokmål og nynorsk ofte kjem til syne når ein skal omsetje ordsamband. I denne artikkelen har eg vist nokre ulike måtar å handsame manglende ekvivalens:

- låne omgrep frå den eine målforma til den andre, slik som vi gjorde med 'får'.
 - følgje bibelomsetjingane, slik vi gjorde med *sveitte i ansiktet*
 - gjere om s-genitivane til
1. til dømes preposisjonsuttrykk, slik vi gjorde med *familiens sorte får* til *det svarte fåret i familien* eller
 2. omskrive/velje uttrykk utan genitiv slik som *kampens hete* til *bruduljene*
 - fokusere på det pragmatiske nivået, og skrive det ein faktisk seier, som i dømet med 'å få kurven' versus 'å få nei'

Vi kan ikkje seie at ei av løysingane er betre enn dei andre, og at vi alltid kan følgje same prinsipp. Ulike ordsamband krev ulike løysingar, og det er sjølvsagt også mange andre løysingar enn dei eg har vore innom her. Vi som ordboksredaktørar får ekstra utfordringar når vi omset alle ordsambanda til begge målformene, men brukarane får god sørvis. Ordsamband viser språket i bruk, og særleg islandske brukarar kan tenkast å ha god nytte av at skilnadene mellom målformene vert presenterte. Vi har eit mål om å velje former som flest mogeleg av brukarane opplever som akseptable og funksjonelle, og så er det opp til (dei norske) brukarane våre om dei ynskjer å bruke desse eller anten meir radikale eller konservative former. Likevel er det viktig å presisere at likskapen mellom

målformene er stor i dei aller fleste tilhøve, og at utvalet eg har vist i denne artikelen på den måten ikkje er representativt, men meir tenkt som eit innblikk i ein del av dei problemstillingane vi arbeider med.

LITTERATUR

- Bibelen. <http://www.bibelen.no/>
- Bondevik, Jarle, 2003: Og ordet vart nynorsk. Såga åt den nynorske bibelen. Bergen.
- Einarsson, Hróbjartur, 1987: Norsk-islandske ordbok. Norsk-íslensk orðabók. Oslo.
- Farø, Ken, 2004: Hvornår går man over åen efter vand? Idiomatiske ækvivalensproblemer i leksikografi og leksikologi. Med dansk og tysk som eksempel. I: LexicoNor-dica 11. S. 85–108.
- Islex. <http://www.islex.no/>
- Norsk ordbok. <http://www.ordnett.no/>
- Nynorskordboka. [http://www.dokpro.uio.no/ordboksoek_nynorsk.html/](http://www.dokpro.uio.no/ordboksoek_nynorsk.html)
- Orgland, Ivar & Raastad, Fredrik, 1985: Íslensk-norsk orðabók. Reykjavík.
- Orgland, Ivar & Raastad, Fredrik, 1993: Norsk-íslensk orðabók. Reykjavík.
- Rommetveit, Magne, 1993: Med andre ord. Den store synonymordboka med omsetjinger til nynorsk. Oslo.
- Svensén, Bo, 2004: Handbok i lexikografi. Ordböcker och ordboksarbete i teori och praktik. 2 uppl. Stockholm.
- Vannebo, Kjell Ivar, 2006: Katta i sekken og andre uttrykk. Oslo.